

‘PÅ GRENSEN

Kontrollerte cruiseskip

På grensen var med da Oslotollerne kontrollerte et cruiseskip med over 3000 personer om bord.

PÅ GRENSEN MOT RUSSLAND

Tollerne på Storskog kontrollerer trafikken inn og ut av Russland.

FLERE VARER OVER GRENSENE

Internetthandelen og antallet deklarasjoner øker i takt med «småforsendelsene».

BEST PÅ NÆRINGSLIVSLOGISTIKK

Tollvesenet i Norge topper Verdensbankens logistikkrantering for 2014.

‘PÅ GRENSEN

Et blad fra
Toll- og avgiftsdirektoratet
Postboks 8122 Dep., 0032 Oslo
www.toll.no
Tlf.: 22 86 03 00

Ansvarlig redaktør: Robert Haast
Redaktør: Tore Skår
Design og redaksjonell rådgivning:
Millimeterpress
Trykk: Grøset
Opplag: 3500 eksemplarer
Forsidefoto: Terje Heiestad
Korrektur: Slett og rett korrektur og
språkvask

ISSN 1891-2486

Innspill, spørsmål og henvendelser om
abonnement og adresseendringer kan
sendes til tore.skarf@toll.no.

Dette magasinet er Svanemerket, som
innebærer at trykksaken oppfyller kriteriene
i henhold til en fellesnordisk miljømerking.
Et Svanemerke betyr at denne trykksaken
medfører mindre miljøproblemer enn andre
produkter for bruk i samme hensikt.
Det stilles også miljøkrav til emballasjen.
Kriteriene revideres fortløpende etter
hvert som ny kunnskap kommer til.
Se www.ecolabel.no for mer informasjon.

Trykk: GRØSET™



Abonnenter mottar bladet i miljøvennlig innpakning
fremstilt av nedbrytbar bioplast.

LEDER

Kritikk av grensekontrollen

I mai la Riksrevisjonen fram sin forvaltningsundersøkelse av Tollvesenets grensekontroll. Blant konklusjonene var at Tollvesenet bør prioritere den mest alvorlige kriminaliteten høyere, at bemanningen bør trappes opp når trafikken er størst og at beslagene av narkotika og valuta er lave.

Som etatsleder skal man alltid være ydmyk for kritikk, og vi vil derfor studere undersøkelsen nøye. Men fordi vurderingene ikke tar hensyn til utviklingen i kriminalitetsbildet og ressursituasjonen, og resultatene ikke er sammenlignet med våre naboland, skapes det et bilde vi ikke kjenner oss igjen i.

PRIORITERE ALVORLIG KRIMINALITET


Det aller viktigste målet for grensekontrollen er å bekjempe den organiserte grenseoverskridende kriminaliteten, først og fremst narkotikakriminaliteten. Dersom Tollvesenet bare hadde etterstrebet høyere «treffprosent», kunne vi oppnådd det ved å gjennomføre flere 100 prosentkontroller på utvalgte grenseoverganger, flygninger eller fergeanløp. Men da ville vi i hovedsak avslørt privatpersoner som har med litt ekstra alkohol og tobakk på retur fra nabolandene, og det er ikke det som er viktigst.

Tollvesenet er mest opptatt av å stanse alvorlig kriminalitet ved hjelp av analyse, etterretning og risikovurderinger, og vi er derfor uenige i Riksrevisjonens situasjonsbeskrivelse.

Riksrevisjonens vurdering er at bemanningen skal økes i ferier og på helligdager når trafikken øker. Den organiserte kriminaliteten følger imidlertid en annen logikk, og Tollvesenet må innrette kontrollen etter erfarings-, etterretnings- og analysebaserte risikovurderinger om når og hvordan smugling foregår. Riksrevisjonens anbefalinger ville gitt svekkede resultater. For å oppnå en preventiv effekt, er det selvsagt viktig at Tollvesenet er til stede også når trafikken er stor, men det krever ressurser.

SMÅ BESLAG?

Det hevdes også i undersøkelsen at narkotika- og valutabeslagene er lave. Vi klarer ikke å finne grunnlaget for dette. Tollvesenets beslagstall er høye sammenlignet med våre naboland. Lave beslag av heroin nevnes av Riksrevisjonen som eksempel. Heroinbeslagene varierer, men norsk tollvesen har gjennom flere år tatt mer heroin enn dansk, svensk og finsk toll til sammen. At Norge har høyere beslagstall enn Sverige og Danmark, som både er mottakerland og transitland, tilsier at de norske resultatene er gode. Her er de nordiske beslagstallene for 2013:




I et historisk perspektiv vil man se en jevnlig vekst i Tollvesenets narkotikabeslag helt siden slutten av 1960-tallet. Bare i 2013 økte antall narkotikabeslag med nesten 30 prosent.

Grensekontrollen i Tollvesenet er utviklings- og resultatorientert. Det må den også være når den opererer i et landskap med stadig nye smuglingsmetoder som krever kontinuerlig faglig oppdatering. I forhold til ressurser og rammebetingelser er Tollvesenets grensekontroll god.

Bjørn Røse, toll- og avgiftsdirektør

INNHOOLD



15

KONTROLL PÅ CRUISESKIP

13 tollere og to hundeevipasjer måtte til når tollerne fra Tollregion Oslo og Akershus skulle kontrollere et cruiseskip i Oslo.



05




09



06



10



12



15



16



17



18



19



20



22



23



24

04 VERDA RUNDT
Syntetiske stoff tek over ein stadig større del av den illegale narkotikamarknaden.

05 REVIDERT NASJONALBUDSJETT
Endringar i tax-free-ordninga og fjerning av båtmotoravgifta i revidert nasjonalbudsjett.

06 PÅ GRENSEN MOT RUSSLAND
Tollerne på Storskog kontrollerer trafikken inn og ut av Russland.

09 FINANSKOMITEEN PÅ GARDERMOEN
Toll- og avgiftsdirektør Bjørn Røse gav stortingsrepresentantane ei innføring i arbeidsoppgåvene til Tollvesenet

10 FLERE VARER OVER GRESENS
Internetthandelen florerer og antallet deklarasjoner øker i takt med «småforsendelsene».

12 BEST PÅ LOGISTIKK I 2014
Tollvesenet i Norge topper Verdensbankens logistikk rangering for 2014.

14 NY OPPGAVEFORDELING
Utredningene om oppgavefordelingen mellom Tollvesenet og Skatteetaten er i full gang.

20 «DER INGEN SKULLE TRU ...»
Kilpisjärvi/Helligskogen tollsted ligger fem kilometer inne på finsk side, nær 600 meter over havet.

23 SJØEN ER UTFORDRINGEN
– Sjøen er generelt en stor utfordring for oss, sier Helge Breilid i grensekontrollen i Kristiansand.

24 ETTERRETNINGSSAMARBEID
Tollvesenet og Kripas har felles oppgaver og interesser i å forebygge og bekjempe organisert kriminalitet.

KORT OM ALT

1,2 MRD.

I AVGIFTSUNNDRAGINGAR I 2013

I 2013 avslørte tollvesenet avgiftsunndragingar for nær 1,2 milliardar kroner. Folk prøver å svindle med alt frå landbruksvarer, bubilar, leiketøy og gullvarer til blomstrar, postordrevarer, tannteknikarutstyr og alkohol.

Dei største etterberekningane var på høvesvis 60 millionar kroner og 40 millionar kroner.

Nytt våpen mot piratar

Tollvesenet har teke i bruk ein internasjonal database i kampen mot handel med piratvarer.

Systemet heiter Interface Public Members (IPM) og skal gjere vegen mellom tenestemenn i tollkontrollen og rettshavarane kortare. IPM er eit oppslagsverk med over 600 rettshavarar og varemerka deira. Databasen blir stadig oppdatert med informasjon om varemerka og om korleis varene blir merkte, pakka og emballerte. Vidare blir det lagt ut informasjon om piratkopiar som er i omløp, og om korleis ein ser forskjell på varemerka og piratkopiane.

Det blir både lagt ut kontaktinformasjon om rettshavarane og informasjon om korleis rettshavarane kan komme i kontakt med tollarane. For tida blir det jobba med ein applikasjon for mobiltelefonar som vil gjere løysinga endå enklare i bruk.

Det er World Customs Organization (WCO) som har utvikla løysinga, og det er næringslivet som finansierer henne. Løy-



STOPPAR PIRATVARER: Førstetollinspektør Nina Johnsen Sundby på Gardermoen med eit parti klistremerke som ikkje er originalvare. (Foto: nyebilder.no)

singa er gratis for tollmyndigheitene som sluttar seg til ordninga, mens rettshavarane må betale for å bruke henne. Noreg er den 67. tollmyndigheita som sluttar seg til ordninga. ■

VADSØ LAGD NED

Tollvesenet si kontrolleining i Vadsø blei lagd ned 1. juni. Då statsbudsjettet for 2014 blei lagt fram, blei det klart at kontrolleininga i Vadsø skulle leggjast ned og stillingane overførast til nærliggjande einingar. Bakgrunnen var eit ønske om å utnytte ressursane i grensekontrollen betre. Dei siste åra har to personar jobba i kontrolleininga. Begge desse har vilt å slutte i etaten som følge av nedlegginga.

VARSLING TIL TOLLKREDITTKUNDAR

No er varsling til tollkreditkundane frå Altinn på plass. Når den elektroniske kontoutskrifta er klar i Altinn, går det ei e-postvarsling til kontaktpersonane som føretaka har registrert i kontaktlista.

Elektronisk kontoutskrift via Altinn blei obligatorisk frå 1. januar 2013. Kontoutskrifta er tilgjengeleg i Altinn ca. den 2. kvar månad.

VERDA RUNDT

Syntetiske stoff tek over

Syntetiske stoff tek over ein stadig større del av den illegale narkotikamarknaden. Dette viser ein fersk rapport frå FN's kontor for narkotika og kriminalitet (UNODC).

Blant funna er at dei nye psykoaktive stoffa (NPS) har begynt å forsyne seg av marknaden for syntetiske stoff, som fram til no har blitt dominert av amfetaminliknande stoff som ecstasy og metamfetamin. Syntetiske stoff blir no brukt meir enn kokain, opium og heroin.

– Det er ei bekymringsfull utvikling, både i omfang og variasjon, sa Jean-Luc Lemahieu, direktør for Policy Analysis og Public Affairs i UNODC ved framlegginga av rapporten.

NPS veks raskt, og fordi det manglar eit internasjonalt rammeverk som kan handtere dette, varierer løysingane på problemet frå land til land. Ingen av dei 348 forskjellige typane NPS som er rapportert globalt i over 90 land i 2013, er under internasjonal kontroll. Bruken av syntetiske cannabinoidar, som etterliknar effekten av cannabis, er stigande. Det samla talet på desse stoffa er dobla frå 60 i midten av 2012 til 110 i 2013.

I Nord-Amerika og Europa er visse typar NPS meir utbreidd blant unge brukarar enn dei tradisjonelle ulovlege narkotiske stoffa. Ei bekymringsfull utvikling ved dette er at NPS inneheld substansar som naudetatane ikkje er i stand til å identifisere og derfor ikkje er i stand til å gi riktig medisinsk behandling.

Les meir på www.unodc.org.

Revidert nasjonalbudsjett:

Endringar i tax-free-ordninga

Endringar i tax-free-ordninga og fjerning av båtmotoravgifta var blant nyheitene då det reviderte nasjonalbudsjettet blei lagt fram 14. mai.

TEKST Thore Simenstad FOTO Heinemann

TAX-FREE-ORDNINGA

I det reviderte budsjettet opna regjeringa for at den avgiftsfrie kvoten på tobakksvarer kan bytast i 1,5 liter vin eller øl. Endringa er forslått frå 1. juli 2014 og gjeld tax-free-butikkar på ferjer og flyplassar og ved privat innførsel frå andre land.

Finansminister Siv Jensen sa at formålet med forslaget er å gi dei reisande større valfridom. Det blir opna for at heile kvoten for tobakk – 200 sigarettar eller 250 gram andre tobakksvarer og 200 blad sigarettpapir – kan bytast i inntil 1,5 liter vin eller øl. Dersom du ikkje nyttar kvoten for tobakk, kan du altså ha med éin liter brennevin, tre liter vin og to liter øl eller alternativt éin liter brennevin, 1,5 liter vin og 3,5 liter øl.

FJERNAR BÅTMOTORAVGIFTA

Avgifta på båtmotorar blei foreslått fjerna frå 1. juli 2014.

– Avgifta er ressurskrevjande for myndigheitene, og ei fjerning kan bidra til raskare utskifting til nyare, meir drivstoffgjerrige og miljøvennlege båtmotorar, sa finansminister Siv Jensen.

Det blir lagt til grunn at det vil vere forhandlarar som har ubrukte båtmotorar på lager, der avgifta alt er betalt. Det blei foreslått at desse får høve til å søkje om å få refundert den innbetalte avgifta. Villkåra for refusjon, og eventuelt andre nødvendige overgangsføresegnar, vil bli gitt i forskrift om særavgifter. Informasjon vil mellom anna bli publisert på toll.no under temaet «Avgifter og gebyr» og underpunktet «Båtmotoravgift». Toll.no oppfordrar til å bruke abonnementsordninga knytt til endringar på denne sida.



TAX-FREE-ENDRING: I det reviderte budsjettet opna regjeringa for at den avgiftsfrie kvoten på tobakksvarer kan bytast i 1,5 liter vin eller øl. Biletet er frå tax-free-butikken på Oslo lufthamn Gardermoen. Foto: Travel Retail Norway AS.

Opphevinga av avgifta føreset at Stortinget vedtek det. Det blir ikkje gjort endringar i avgifta før 1. juli 2014.

ELAVGIFT FOR TREFOREDLINGSINDUSTRIEN

Regjeringa ønskjer å innføre redusert elavgiftssats for treforedlingsindustrien som ei foreløpig ordning fram til det ligg føre ei eventuell godkjenning frå ESA.

Vanleg industri har ein redusert sats

på 0,45 øre per kWh for kraft til bruk i produksjonsprosessar. Energiintensive treforedlingsbedrifter som deltek i godkjende energieffektiviseringsprogram, har fullt fritak for kraft til bruk i produksjonsprosessar. Ordningane er godkjende av EFTA sitt overvaksingsorgan ESA fram til 30. juni 2014.

Regjeringa ønskjer å innføre redusert elavgiftssats for treforedlingsindustrien som ei foreløpig ordning fram til det ligg føre ei eventuell godkjenning frå ESA. ■



På grensen mot Russland

Tollerne på Storskog kontrollerer trafikken inn og ut av Russland. Thore Johansen (t.v.) og Raymond Vålitalo (t.h.) forventer vekst i trafikken.



Grenseetat i nord

Norges riksgrense strekker seg 2562 km fra skjærgården i Østfold til Grense Jakobselv i Finnmark. Tollregion Nord-Norge har ansvar for 196 km grense mot Russland og 736 km grense mot Finland.

TEKST Simen Narjord FOTO Helge Stærk

Russerne har de siste årene fått stadig større reiselyst og reiseevne og er en viktig del av både arbeids- og næringsliv i Kirkenes. Det medfører en rekke oppgaver for Tollvesenet.

– Vi må bruke ressursene vi har effektivt. Vi har et vidt spenn av oppgaver, med internasjonale anløp i havna og grenseovergangene både mot Russland og Finland, sier Raymond Vålitalo, som er kontorsjef ved Kirkenes tollsted.

Tollstedet omfatter i tillegg til kontoret i Kirkenes havn også Storskog kontroll- og ekspedisjonssted ved russisk grense og Neiden kontroll- og ekspedisjonssted ved finsk grense.

– Kirkenes har mange eksportbedrifter og en veldig attraktiv havn, både for norske, finske og russiske aktører. Det betyr høy aktivitet, og det er viktig at vi som etat spiller på lag med lokalsamfunnet vi er en del av, sier Vålitalo.

SCHENGEN

Storskog er det eneste stedet det er lovlig å innpassere fra Russland. Dette er også yttergrensen for Schengen-området. Landegrensen er en lukket grense der det utføres grenseovervåkning langs grenselinjen og grensekontroll på Storskog.

Grensekontrollen innebærer at det er obligatorisk sjekk av pass for alle som reiser inn og ut, i tillegg til tollkontrollen.

– Til tider er trafikken stor. I 2013 var det mer enn 320 000 personer som passerte denne grenseovergangen, og vi forventer fortsatt vekst, opp mot 400 000 i år, forteller Thore Johansen, seksjonsleder ved Toll-

vesenets kontroll- og ekspedisjonssted på Storskog.


Midt på dagen kan det være nokså stille på grensestasjonen, men hver formiddag og ettermiddag er det et lite rush av russiske biler som passerer inn eller ut over grensestasjonen på Storskog.

NI NYE TJENESTEMENN

– Vi har fått ni nye tjenestemenn her til Storskog de siste årene. Dette bidrar til bedre service til publikum og bedre kontroll. Men i trafikktoppene kan det til tider være nokså fullt her, og uteområdene blir fort fylt opp av biler, sier Johansen.

Ekspedisjonsbygningen står nemlig kun 60 meter fra den fysiske landegrensen, og det er med dagens løsning begrenset plass til biler foran bommene.

Et par hundre meter på den andre siden av grensen står den nybygde russiske tollstasjonen.



PASSKONTROLL: Grensen mot Russland er yttergrense for Schengenområdet. Det er obligatorisk sjekk for alle som reiser inn og ut over Storskog. Det er politiet som har ansvaret for passkontrollen. ➔



SAMARBEID: Politioverbetjent Stein Kristian Hansen og seksjonsleder Thore Johansen har et godt samarbeid på Storskog.

▶ TETT SAMARBEID MED POLITIET

Det er politiet som har ansvaret for personkontrollen, mens Tollvesenet har ansvar for varekontrollen. De to etatene samarbeider tett og har felles lokaler.

– Vi gjør profilering av de reisende, og har innledende samtaler med de reisende i forbindelse med passkontrollen. Hvis vi mener at det kan være grunn for Tollvesenet å ta en kontroll av bil og bagasje, så tipser vi om det. Vi har en felles interesse av å ha en god kontroll her på Storskog, sier politioverbetjent Stein Kristian Hansen, som leder politiet på Storskog.

EKSPEDISJONSOPPGAVER

Tollvesenet gjør også mye ekspedisjonsarbeid på Storskog. Russere på norskehandel får refundert norsk merverdiavgift på varer som de tar med til Russland. Dette skjer ved at Tollvesenet stempler merverdiavgiftsskjema når varen utføres, og ved å fremvise dette skjemaet ved neste norgesbesøk, får man refundert merverdiavgiften i butikken der varen ble kjøpt.

LITE NARKOTIKA

– Det er lite narkotikabeslag her, som regel bare mindre mengder til personlig bruk. Det har nok betydning at de reisende vet at de må gjennom to klareringer, både på norsk og russisk side. Det er kjekt å vite at vi er med på å redusere grenseoverskridende kriminalitet, sier Thore Johansen. ■

Handel og næringsliv i grenseland

Svenskehandel er et velkjent fenomen i Sør-Norge. I Kirkenes er det motsatt. Der står russere for en god del av omsetningen i handelsnæringen.

TEKST OG FOTO Simen Narjord

– Sør-Varanger kommune har drøyt 10 000 innbyggere, men omsetningen i handelsnæringen i kommunen tilsvarer en større befolkning. Det er mye på grunn av tilreisende russere, sier Terje Meyer, daglig leder i Kirkenes nærings-

hage. Næringshagen er en organisasjon med over 80 lokale bedrifter som medlemmer. Næringshagen skal bidra til økt lønnsomhet for medlemsbedriftene gjennom nettverksbygging, kompetanseheving og ulike samarbeidsprosjekter.

Det russiske nærværet i Kirkenes er godt synlig, både i trafikkbildet og i tilbudsplakater i butikkene. Flere butikker har ansatt russere for å kunne kommunisere med kundene sine.

– Det går i alle mulige slags varer, men dagligvarer som bleier, pulverkaffe og syltetøy kan det ofte være helt utplukket for i butikkene, sier Meyer.

FELLES ARBEIDSMARKED

Kirkenes har mange arbeidsplasser innenfor oppdrettsnæring, skipsindustri og gruvedrift. Det er ikke alltid like enkelt å rekruttere kvalifisert arbeidskraft.

– Vi mener det er rom for økt nærings-samarbeid her i Barentsregionen, både når det gjelder handel og utveksling av arbeidskraft. Vi har svært lav arbeidsledighet og bare en liten arbeidskraftreserve. Derfor er vi helt avhengige av å rekruttere utenlandske arbeidere. Der har russere fra Nordkalotten en fordel fordi de har det vi kan kalle klimakompetanse.



RAMMEVILKÅR: Terje Meyer er opptatt av gode rammevilkår for næringslivet i regionen.

De forstår betydningen av å kle seg riktig hvis man skal jobbe utendørs vinterstid. Dette er kunnskap man må ha eller kunne tilegne seg, det holder ikke å lese seg til dette, sier Terje Meyer.

RAMMEVILKÅR

Kirkenes næringshage ønsker å være en sentral drivkraft for næringsutvikling mellom Norge, Nordvest-Russland og Finland. Av den grunn er Meyer opptatt av gode rammevilkår for næringslivet i regionen.

– Vi ønsker oss bedre kapasitet på Storskog. Stasjonen er bygget for færre reisende enn vi har i dag, og vi ser at antall reisende øker for hvert år, sier Meyer.

Også på vegne av oppdrettsnæringen ønsker Kirkenes næringshage seg bedre forhold.

– Fisketransporten, som i stor grad passerer ut av Norge ved Neiden, ønsker seg lengre åpningstid. Nå er sjåførene presset på tid for å rekke inn i Finland før denne grenseovergangen stenger. Rekker de ikke Neiden, må de råkjøre til Utsjok på finsk side, som holder åpent til 23. Det hadde vært bedre både for fisken, næringslivet, miljøet og trafikksikkerheten om åpningstiden ble utvidet noen timer utover kvelden, fastslår Terje Meyer. ■

Finanskomiteen besøkte Tollvesenet på Gardermoen

Stortingets finanskomité besøkte Tollvesenet på Gardermoen 25. mars.

TEKST Tore Skår FOTO Terje Heiestad

– Vi er på besøk hos alle dei sentrale etatane som sorterer under ansvarsområda våre, og det er veldig hyggjeleg at Tollvesenet kunne ta imot oss i dag, sa komitéleiar Hans Olav Syversen (KrF) då møtet opna.

BETRE TVANGSMIDDEL

Toll- og avgiftsdirektør Bjørn Røse gav stortingsrepresentantane ei innføring i arbeidsoppgåvene til Tollvesenet i samband med kontroll, vareførsel, innkrevjing og avgifter. Komitémedlemmene var interesserte og stilte fleire spørsmål undervegs. Røse kom òg med eit konkret ønske til dei om å få på plass betre tvangsmiddel mot lovbrytarar frå utlandet som ikkje betaler bøtene sine.

Komiteen blei vidare orientert om prosessane i vareførselskjeda, om 200-kronersgrensa, om bruk av teknologi i grensekontrollen og om veksten i handelen med syntetiske stoff. Regiondirektør Odd Arne Kristiansen frå Tollregion Oslo og Akershus avslutta «teoridelen» med å informere om arbeidet Tollvesenet gjer på hovudflyplassen.

OMVISING

Deretter blei komiteen med inn på godskontrollområdet på tollbygget på Gardermoen, der førstetollinspektør Sveinung Skjørsæter og tolloverinspektør Runar Kristiansen gav ei innføring i arbeidet med å kontrollere postsendingar, med vekt på å avsløre sendingar med narkotiske stoff. Komitémedlemmene hadde mange spørsmål, både om smuglingsmetodar, om korleis stoffa verkar, og om samarbeidet med politi og tollmyndigheiter i andre land. Hundeførar Kjetil Johansen og Timmy viste så korleis hundane jobbar på post- og godssendingar.



MANGE SPØRSMÅL: Komitémedlemmene hadde mange spørsmål. Frå venstre: Tom E.B. Holthe (FrP), Hans Olav Syversen (KrF), Heidi Nordby Lunde (H, delvis skjult), Unni Feiring (komitésekretær), Snorre Valen (SV), Solveig Abrahamsen (H), Sigurd Hille (H), Gjermund Hagesæter (Frp), Morten Skauge (rådgivar H), Bjørn Røse, Sveinung Skjørsæter og Runar Kristiansen. Framme: Siri Meling (H).

Deretter gjekk turen til tollsona på flyplassen, der stortingsrepresentantane fekk sjå korleis tollarane jobbar i grensekontrollen. Mellom anna blei røntgenmaskina som kan avsløre innvendig smugling, vist fram. Hundeførar Nils Kenneth Brustad og Ted demonstrerte korleis valutahundane jobbar for å snuse fram valuta.

ENKLARE TRANSFER

Til slutt nytta representantane frå Tollvesenet høvet til å leggje fram kva syn dei har på arbeidet med forenkla transfer, òg kalla *one stop security*, og dei forklarte stortingsrepresentantane at Tollvesenet ønskjer å vere konstruktive og finne løysingar i denne saka, men at løysingane må verne om samfunnstryggleiken gjennom god tollkontroll.

Bjørn Røse tok til orde for at flyplassleinga på OSL kan bidra til å gjere det enklare for



SMUGLINGSMETODAR: Komitémedlemmene fikk ei innføring i arbeidet med å kontrollere postsendingar.

dei reisande ved å leggje til rette for egne innsjekkingskrankar og tryggleikskontrollar for transittpassasjerar.

– På denne måten vil transitten gå raskare utan at det går utover tollkontrollen, sa Røse. ■

Fleire varer over gre

Internetthandelen florerer og talet på deklarasjonar aukar i takt med «småsendingane».

TEKST Thore Simenstad FOTO Terje Heiestad

Eit resultat av denne verksemda er at det sentrale austlandsområdet med fortollingsstadane i Oslo og på Svinnesund stadig får fleire deklarasjonar. Ein kan derfor kome til å trekke konklusjonen at «all» handelsverksemd skjer på Austlandet.

– Det er ikkje rett, seier underdirektør Liv Rundberget i vareførselsseksjonen i Toll- og avgiftsdirektoratet.

MANGE DEKLARASJONAR I OSLO OG AKERSHUS

Dei mange småsendingane som kjem frå utlandet vert rett nok deklarererte i Tollregion Oslo og Akershus. Fortollingsstadane for utanlandske sendingar ligg i denne toll-



NYE LØYSINGAR: – Vi må finne nye løysningar som ikkje bremsar varetilførselen, seier underdirektør Liv Rundberget. Foto: Bård Gudim

regionen, på Alnabru og Gardermoen, men dette er sendingar til tante Olga på Toten og onkel Ivar i Tromsø.

Med andre ord skal veldig mykje av sendingar og varer som vert registrerte i Oslo eigentleg til andre plassar i landet.

Det same skjer med større varesendingar. Dei vert deklarererte/fortolla i Oslo og Akershus fordi deklaranten har forretningsadresse der, dei største næringslivaktørane held til der og der finn vi også dei største tollagra.

I dette biletet er det også slik at ein deklarant må søkje om å få fortolle direkte mot ein grensestasjon, enten det gjeld på Ørje i Østfold, Helligskogen i Troms eller Polmak i Finnmark.

MEIR TRAFIKK

– Tollvesenet har eit eige prosjekt som er i gang med å sjå på samhandling av deklarasjonane. Vi må finne nye løysningar som ikkje bremsar vare-




ensene

førselen samtidig som vi må finne ein god balanse som sikrar både tilfredsstillande tollkontroll og god flyt i varestraumen. Vi veit at både persontrafikken og importen og eksporten vil auke dei komande åra, seier Rundberget.

ENKELT PÅ GRENSA

– Vi har allereie gode ordningar ved grensepasinga i Noreg. Dette gjeld fyrst og fremst coordinated border management, der Tollvesenet opptrer på grensa på vegner av ei rekke andre statlege etatar. Næringslivet har berre kontakt med ein etat ved grensepasinga, medan andre land krev at du som deklarasjon tek kontakt med ei rekke andre etatar før du kan passere grensene med varene dine, forklarar Rundberget.

For det andre er grensetollsamarbeidet med Finland og Sverige framleis unikt på verdsbasis sjølv om det har eksistert i meir enn 50 år. Samarbeidet vart vidareført med EU då nabolanda vart med i unionen




TAL PÅ TOLLDEKLARASJONAR: Grafen viser talet på inn- og utførselsdeklarasjonar fordelt på tollregionar i 2013.

og gjer at næringslivet berre treng å stoppe ved ein grensestasjon for å få gjennomført tollprosedyrane. Dette sparar tid og pengar både for transportørane og for Tollvesenet, poengterer Liv Rundberget.

FØREHANDSVARSLING

For Tollvesenet er det viktig å skaffe seg så mykje informasjon som mogleg på førehand. Derfor har vi førehandsvarsling av varer slik at tollarane ut frå risikovurderingar tidleg kan bestemme seg for varer dei vil undersøkje nærmare. Frå såkalla tred-

jeland (land utanfor EU) som Kina, Russland og USA, skal all vareimport varslast på førehand. Det er også varslingsordningar i det internasjonale transitteringssystemet NCTS slik at tollarane lettare kan bestemme seg for varer som bør kontrollerast ved grensepasing, seier Liv Rundberget. ■



Fakta

- Trafikkutviklinga for åra 2008 til 2013 viser at det vart lossa 245 000 konteinrar i Noreg i 2013. Dette er 15 prosent fleire konteinrar enn i 2008.
- Det kom 11 millionar flypassasjerar til Noreg i 2013 og talet på passasjerar har auka med ti prosent kvart år sidan 2009.
- Det kom ni millionar køyretøy på landevegane til Noreg i 2013 og trafikken har auka med tre-fire prosent kvart år sidan 2008.
- I 2013 kom det tre millionar ferjepassasjerar til Noreg, noko som betyr ein auke i trafikken på 13 prosent sidan 2008.
- 280 000 personer kom med tog frå utlandet til Noreg i 2013, noko som er ein auke på 11 prosent sidan 2008.

Verdens beste på næringsliv

Tollvesenet i Norge topper Verdensbankens logistikk rangering for 2014.

TEKST Tore Skår FOTO Terje Heiestad

Annethvert år sammenligner og rangerer Verdensbanken alle land i verden innenfor hvor god transportlogistikk de tilbyr næringslivet. Resultatene blir publisert i rapporten «Connecting to compete: Trade logistics in the Global Economy». En rekke ulike barometre påvirker hvor effektive handelskjedene er. Undersøkelsen bygger på både kvantitative og kvalitative undersøkelser blant fraktselskap over hele verden.

STRATEGI

Til sammen er 160 land i verden sammenlignet og rangert på seks delområder. Ett av dem er tollklarering, som måler effektiviteten i de ulike landenes tollklarering på grensen. I undersøkelsen får Norge den høyeste rangeringen på dette området, foran Tyskland og Singapore. Norge får poengsummen 4,21 (av 5 mulige), mens Tyskland får 4,10.

– Jeg er svært glad for det gode resultatet i kategorien tollklarering. Vi skåret veldig godt også i 2010 (nr. 6), men nå har vi tatt steget helt til topps, sier toll- og avgiftsdirektør Bjørn Røse.

– Dette er positivt for etaten, men det er for næringslivet det er viktigst med god logistikk på grensen. Å styrke det norske næringslivets konkurransekraft internasjonalt er en viktig del av vår strategi, sier tolldirektøren.



SELVDEKLARERING: Varene deklarerer elektronisk i fortollingssystemet Tvinn.



EFFEKTIV KONTROLL: I Verdensbankens rapport fremheves effektiv grensekontroll som et kritisk element for å unngå unødvendige forsinkelser og for å gi forutsigbare tollklareringer. Det pekes særskilt på at koordinering mellom ulike myndighetsorganer på grensen er viktig for at varestrømmene skal gå mest mulig uhindret. Alle myndighetsorganene som er til stede på grensen er blitt vurdert i undersøkelsen, og særlig tollmyndighetene blir trukket fram som reformvillige.

SAMARBEID PÅ GRENSEN

I rapporten framheves effektiv grensekontroll som et kritisk element for å unngå unødvendige forsinkelser og for å gi forutsigbare tollklareringer. Det pekes særskilt på at koordinering mellom ulike myndighetsorganer på grensen er viktig for at varestrømmene skal gå mest mulig uhindret. Alle myndighetsorganene som er til stede på grensen er blitt vurdert i undersøkelsen, og særlig tollmyndighetene blir trukket fram som reformvillige.

– Det norske Tollvesenet utfører ikke bare egne oppgaver, men også oppgaver på vegne av en rekke andre myndigheter, som Statistisk sentralbyrå, Statens landbruksforvaltning, Mattilsynet og Statens legemiddelverk. På denne måten trenger næringslivet kun å

forholde seg til Tollvesenet ved grensepasseringen. Det unike tollsamarbeidet vi har med Finland og Sverige bidrar også sterkt til at Norge rangerer øverst, sier Røse.

DE ØVRIGE

Når man legger sammen alle de seks ulike delområdene som Verdensbanken har rangert landene på, hvor altså tollklarering er ett av dem, kommer Norge på en sjuendeplass, opp fra tiendeplass i 2010. De andre delområdene i undersøkelsen er infrastruktur, kvaliteten på logistiktjenester, tilgang til konkurransedyktige befraktere, sporbarhet og punktlighet.

Det er Tyskland som topper den samlede undersøkelsen, foran Nederland og Belgia. ■

Logistikk



vendige forsinkelser. Her fra Svinesund, hvor det passerer over



TOLLKONTROLL: Kontroller med varestrømmen som passerer grensene er basert på risikovurderinger.

– Et tillitssystem

– Innførsel av varer til Norge går så smidig og greit at 99 prosent av næringslivet knapt nok merker noe til grensepasseringen, sier Tom Rune Nilsen i NHO Logistikk og Transport.

TEKST Tore Skår FOTO NHO LT, nybilder.no

Nilsen er leder for NHO Logistikk og Transport, som organiserer hovedtyngden av norske transportindustribedrifter innenfor logistikk, spedisjon og skipsekspedisjon. Han er ikke overrasket over at Norge gjør det bra i Verdensbankens kåring.

– Tollvesenet har veldig gode prosedyrer. I Norge er ikke grensepassering et forsinkende ledd, i motsetning til i mange andre land, sier han.

BASERT PÅ TILLIT

Årsaken til dette er flere.

– Jeg tror det viktigste er at det norske tollklareringssystemet er basert på tillit, forklarer Nilsen

Siden 1970-årene har Norge hatt regler om selvdeklarerer. Dette innebærer at den som deklarerer varen selv samler inn alle opplysninger, bearbeider dem og avgir opplysningene til tollmyndighetene. Deklareringen foregår elektronisk. Systemet forutsetter et tillitsforhold mellom den som deklarerer og myndighetene, ettersom kontrollen av opplysningene er begrenset.

– Systemet fungerer godt fordi Tollvesenet har tillit til næringslivet. Systemet kan ikke fungere uten denne tilliten, sier Nilsen.



NHO: Tom Rune Nilsen leder NHO Logistikk og Transport.

VIL HA ÉN ETAT PÅ GRENSEN

Han peker også på at norske myndighetsorganer på grensen er gode til å samarbeide.

– På dette området ligger Norge langt framme. Vi ønsker å forholde oss til én etat på grensen. De siste årene har det også skjedd mye innen skipsfarten, særlig på grunn av Safe Sea Net, og det er bra, sier Nilsen.

IKKE DÅRLIGERE RUTINER

Tom Rune Nilsen er opptatt av endringen i oppgavefordelingen mellom Tollvesenet og Skatteetaten, som innebærer at ansvaret for merverdiavgift ved innførsel og særavgifter skal overføres fra Tollvesenet til Skatteetaten.

– Vi ønsker ikke dårligere tollklaringsrutiner enn i dag. Derfor ønsker vi å være involvert i den foreslåtte reformen fra Finansdepartementet. Det er viktig at den gode og raske tollbehandlingen fortsetter, avslutter Tom Rune Nilsen. ■

Fakta

CONNECTING TO COMPETE

■ Dette er den fjerde utgaven av *Connecting to compete: Trade logistics in the Global Economy*. Den inneholder blant annet *the Logistics Performance Index (LPI)*, som Verdensbanken har laget annet hvert år siden 2007. LPI måler effektiviteten i vareflyten i 160 land. Rapporten har som utgangspunkt at god logistikk og vareflyt er viktig for økonomisk vekst og reduksjon av fattigdom.

Utredning ny oppgavefordeling

Utredningsarbeidet i forbindelse med den nye oppgavefordelingen mellom Tollvesenet og Skatteetaten er i full gang.

TEKST Tore Skår

